

## Saksutredning:

### VR-sak 11/15: EUS ENERGIUNION – KVA ER DET OG KVA FOR EI BETYDING HAR DET FOR VESTLANDET?

---

Trykte vedlegg:

Utrykte vedlegg:

---

#### 1. Kva er energiunionen?

25. februar 2015 la EU-Kommisjonen fram meldinga om eit rammeverk for EUs energiunion<sup>i</sup>. Europas energipolitikk er i endring. I dag har kvart EU land sin eigen energipolitikk. Meldinga legg til grunn at Europa treng ei felles og heilskapleg energitilnærming med ein fungerande indre energimarknad som det sentrale verkemiddelet. Dagens utvikling er ikkje berekraftig. Kommisjonen ser behovet for ei heilskapleg omlegging av energisystema for å redusera klimagassutsleppa samt gjere økonomien meir robust ved å redusera avhengigheita av fossilt brensel i heile samfunnsstrukturen. Ein del av argumentasjonen er dei økonomiske fordelane ein kan dra nytte av ved å leggje om snarare enn seinare.

Energiunionen vart utvikla med omsyn til nettopp desse utfordringane. Den skal tilretteleggje for utviklinga av eit lavkarbonsamfunn slik at EU når energimåla om 40% utslippskutt av klimagassar, 27% auke i fornybar energiproduksjon og 27% energieffektivisering innan 2030. Gjennom Energiunionen skal EU sikre tilgjengeleg energi til ein fornuftig pris. Meldinga er viktig fordi den kartlegg ei strategisk retning for utviklinga av EUs energipolitikk og set premissa for den vidare debatten.

Det er verdt å merke seg følgjande **strukturelle utviklingstrekk**:

---

<sup>i</sup> [http://ec.europa.eu/priorities/energy-union/index\\_en.htm](http://ec.europa.eu/priorities/energy-union/index_en.htm)

# Vestlandsrådet

- **Samordning og sentralisering av EUs energipolitikk.** Kommisjonen ynskjer meir innflytelse over utforminga av EUs energipolitikk. Kommisjonen utfordrar ikkje medlemsstatane sin rett til å bestemme sin eigen energimiks. Dei retter snarare merksemda mot områder der den har innflytelse. Døme på dette er forbukarområdet, rammer for statsstøtte og nettverkskodar, samt finansieringsordningar.
- **Ein heilskapleg tilnærming der ulike politikkområder og sektorar sjåast i samanheng.** Med etableringa av EU sine energi- og klimamål for 2020 vart energi- og klimapolitikken i EU kopla tettare saman. I EU arbeidar ein vidare med å etablere tverrsektorielle og heilskaplege løysingar. Energiunionen omfattar difor tema som transport, landbruk, miljø, industri, handel, teknologi, digitale løysingar, finansieringsordningar for infrastruktur og forskning. Denne tilnærminga er også reflektert i organiseringa av Kommisjonen. Ikkje mindre enn 14 kommissærar har jobba saman om strategien. Same arbeidsgruppe skal bidra til at Energiunionen vert etablert i praksis.

I meldinga presenterer EU-Kommisjonen fem dimensjonar som samla utgjer innhaldet i energiunionen:

- Energisikkerheit, solidaritet og tillit
- Ein integrert europeisk energimarknad
- Energieffektivisering
- Avkarbonisering av økonomien
- Forsking, innovasjon og konkurransekraft

## 2. Kva betyr Energiunionen for Noreg?

Energipolitikken til EU er viktig for Noreg. EU er vår viktigaste marknad og mykje av EUs energipolitikk får direkte følgjer for Noreg gjennom EØS-avtalen. Sjølv om meldinga om EUs energiunion ikkje er konkretisert gjer den i alle fall ei oversikt over kva for retning Kommisjonen ynskjer å styre energipolitikken i EU, sjølv om ikkje alle verktøy og strategiar nødvendigvis er på plass.

# Vestlandsrådet

Noreg held langt på veg same kurs som Kommisjonen. Tett dialog mellom den norske regjeringa og Kommisjonen i prosessen fram mot meldinga om ein Energiunion, har gjeve norske myndigheiter moglegheit til innpass og til dels deltaking i den aktuelle politikktutforminga. Frå norsk side vart det undervegs spelt inn uro kring opprettinga av ein felles innkjøpsordning for gass. Regjeringa sitt innspel vart i stor grad imøtekomme i det endelege framlegget frå Kommisjonen, og innkjøpsordninga vart avløyst<sup>ii</sup>.

Det er venta at medlemsstatane i EU skal behandle saken om Energiunion før sommaren. Den norske regjeringa er i tett dialog med medlemsstatane og EU-institusjonane.

### **3. Korleis arbeider ein med Energiunionen i Nordsjøkommisjonen?**

Nordsjøkommisjonen representerer 31 regionar frå 8 land rundt Nordsjøen. Energi er eit satsingsområde for samarbeidet. Naturleg nok, Nordsjøregionen har naturgjevne fortrinn som gjer oss til et kraftsentrum i Europa. Nordsjøregionen kan vere ein del av løysinga på dei store energiutfordringane ein står ovanfor i Europa i dag.

Nordsjøkommisjonen understreker at overføringsnett og kablar er avgjerande for å realisere ein energiunion og ein indre energimarknad. Energi produserast ikkje nødvendigvis der folk bur. Vi treng infrastruktur for å transportere energi frå der den vert produsert til marknaden. Nordsjøkommisjonen arbeidar for ei realisering av ideen rundt eit «North Sea grid». EU-Kommisjonen har gjort mykje arbeid på dette feltet allereie, og la i 2014 fram ein studie som viser at «meshed grid» er det beste alternativet i alle dei utgreia scenarioane. Det betyr, i korte trekk, eitt koordinert kablersystem i Nordsjøen som integrerer ulike typar fornybar energiproduksjon, med færre kablar til land. På den måten får ein betre utnytting av kablane, til ein lågare pris. Færre kablar er naudsynt i dette systemet, noko som frigjer meir plass til andre interesser. Nordsjøkommisjonen støttar seg til denne utgreinga.

---

<sup>ii</sup> <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/brev-til-presidenten-for-det-europeiske-rad/id2407677/>

# Vestlandsrådet

Nordsjøkommisjonen spelar ei viktig rolle i arbeidet med Energiunionen, både gjennom presidentskapet og i arbeidsgruppa for energi og klima. Organisasjonen med president Tom-Christer Nilsen i spissen har direkte dialog med EU-institusjonane. Det er ei unik moglegheit til å påverke EUs politikktutforming. Samstundes er arbeidsgruppene ei arena for politikktutforming og partnersøk til EU-prosjekt. Ei anna verdfull nytte av gruppene er moglegheita til å lære av og utveksle erfaringar med andre regionar rundt Nordsjøen.

Vestlandsrådet vedtok i 2012 (sak 18/12) ei fordeling av Vestlandsrepresentasjon i dei tematiske gruppene i Nordsjøkommisjonen, med prinsipp for samordning av Vestlandsinteresser og rapportering frå arbeidet i gruppa. Arbeidet med Energiunionen og eit North Sea grid har eit klart Vestlandsperspektiv, der moglegheiter for auka kunnskapsdeling, samarbeid og næringspotensial særskilt peikar seg ut. Her er det naturleg å oppdatere og intensivere arbeidet med ein Vestlandsrepresentasjon. Det er i hovudsak gruppa Energi og klima som vil arbeide med Energiunionen, men ettersom dette er ei tverrsektoriell strategiutforming vil det vere naturleg å debattere dette også i dei andre tematiske gruppene.

## **4. Kva betyr Energiunionen for Vestlandet?**

Under følgjer ei tematisert samanfating kring betydinga for Vestlandet under dei fem dimensjonane som utgjer Energiunionen. Dei fem dimensjonane må sjåast i ein heilskap, og det er overlapp mellom dei.

### **4.1 Energisikkerheit; Vestlandet ei viktig brikke i Europas energiforsyning**

#### *Energisikkerheit til Europa*

Noreg er verdas tredje største gasseksportør. Nesten all norsk gass vert seld på den europeiske marknaden og i 2013 kom så mykje som 24% av EU sin gassimport frå Noreg. Noreg er dermed EUs nest største gasseksportør etter Russland. Ein godt utbygd og effektiv infrastruktur for gass og korte transportavstandar gjer norsk gass konkurransedyktig på den europeiske marknaden. Gass frå Noreg er ikkje

# Vestlandsrådet

berre attraktiv grunna korte avstandar men kanskje særskilt frå eit energisikkerheitsperspektiv. Analytikarar meiner at Noreg igjen kan verte EU sin største gassprodusent slik vi var vitne til i 2012. Etter at forholdet mellom Ukraina og Russland for andre gang på kort tid vart satt på prøve er det tydeleg at EU ynskjer betre stabilitet og lågare risiko for deira gassinnkjøp. EU er heilt avhengig av norsk gasslevering sjølv om kapasiteten til å auke volum på kort sikt er avgrensa. EU er også avhengig av at gassflyten frå Noreg er stabil og investeringar i vedlikehald og teknologiske forbetringar er enno svært viktig for petroleumsnæringa, òg i ein energiomstillingsprosess.

Problem kan likevel oppstå i dei mellomlangsigte og langsigte perspektiva. EU opplever at mange av dei gode klimagevinstane frå meir fornybar energiproduksjon har vorte spist opp av stadig meir bruk av kull i medlemslanda. Til dels er dette eit resultat av utfasinga av kjernekraft med og ein konsekvens av svært lave karbonprisar etter mellom anna auka skifer satsing i USA. Eit ynskje om å bevare arbeidsplassar i kullbransjen i eit økonomisk uvisst klima i Europa spelar òg inn. I denne overgangsfasen har Vestlandet eit særskilt ansvar om å levere fornybar energi, men òg gass, særleg i denne overgangsfasen. Det er likevel viktig å poengtera at utan teknologisk utvikling, er ikkje gassen direkte kompatibel med EU sine mål for ein lav-utslepps økonomi.

EU satsar stort på fornybar utvikling. Korleis kan Noreg og Vestlandet vere med å bidra inn i eit Europeisk North Sea Grid?

## *Kraftproduksjon på Vestlandet*

Ein tredjedel av all norsk kraftproduksjon skjer på Vestlandet (Statnett, 2011). Totalt vert det produsert mykje meir kraft enn det blir brukt i dei fire vestlandsfylka, men det er store variasjonar i kraftproduksjonen gjennom året, og frå år til år. Også internt i fylka er det både overskots- og underskotsområder. Det er eit stort tal kraftverk i regionen med relativt liten kapasitet til å lagre vatn. Dette fører til avgrensa moglegheiter for å tilpasse produksjonen til forbruket i regionen, og gir behov for god leidningskapasitet mot omkringliggjande områder. Denne

# Vestlandsrådet

overproduksjonen kan også verte eksportert og gje ekstra inntekter i periodar med høg produksjon og lite forbruk, til dømes gjennom eit North Sea grid.

For dei nordiske landa totalt sett, er det mest kraftproduksjon i nord og størst forbruk i sør. Den overordna transportretninga går dermed frå nord til sør. Nord-sør-transporten vert forsterka av nye overføringsforbindingar mellom Norden og andre europeiske land. Denne utviklinga gjer det naturleg å sjå på kva dette betyr for kapasitet og nettutbyggingspotensialet på Vestlandet. Her kan ein sjå på allereie eksisterande planar om el-kablar til Storbritannia og Tyskland.

## *Kraftutfordringar på Vestlandet*

Ei utfordring for Vestlandet som produsent er at kapasitetsauke i leidningsnettlet ofte tar lengre tid å realisere enn auken i forbruk. Det er difor viktig at debatten rundt energisikkerheit til Europa og forbruksauke i Noreg tar omsyn til kor stort kapasitetsauke det er realistisk at Vestlandet kan bidra med. Ei analyse som omhandlar desse utfordringane er naudsynt før avgjerder kan verte tekne. På denne måten kan ein hente inn kunnskap om korleis energimarknaden fram mot 2040 kan sjå ut og på denne måten leggje tilstrekkelege strategiar for å imøtekome denne endringa. Dette er ei omfattande oppgåve og noko som krevjar ressursar, og ikkje noko vi her kan gå i djupne på.

## **4.2 Integrert energimarknad**

Norsk vasskraft har ein unik eigenskap som balansekraft for sol og vind. Det gjer oss interessante i det europeiske energisystemet. Det norske olje- og energidepartementet gav konsesjon til å bygge to straumkablar til utlandet førre høst; ein frå Kvilldal i Rogaland til nord-aust kysten utanfor Blyth i Storbritannia og ein frå Agder til Tyskland med landkopling i Wilster.

Til saman vil dette auke Noregs kapasitet for kraftutveksling med utlandet med nesten 50%, i følgje departementet. Statnett planlegg drift i 2018 i Tyskland, medan kabelen til Storbritannia etter planen vil vere ferdig i 2020. Hovudargumenta for

# Vestlandsrådet

kablane er auka utnytting av kraftsystem og betydeleg verdiskaping. Det er første steg til eit integrert North Sea grid som koplar Nordsjølanda saman. Det er utgangspunktet for eit heilskapleg og integrert energisystem som vil auke energisikkerheita i heile Europa.

Utbygde overføringsnett mellom Vestlandet/Noreg og Europa vil kunne føre til utjamning i kraftprisane. Dette kan føre til høgare prisar i Noreg. Dette kan auke presset for å etablera meir miljøvenlege løysingar og mindre sløsing av vasskraft, som igjen kan ha ein positiv effekt på klimaet. Det er svært reelt å tenkje at norsk vasskraft kan erstatte og verte eit alternativ til europeisk kullkraft og skifer.

## *Kva moglegheiter kan eit Nordsjø-nett bringa til Vestlandet?*

Kraftmarknadens organisering er i rask utvikling i Europa, og fleire nye reguleringar skal etter planen implementerast dei neste åra. Her er det store næringsmoglegheiter, teknologiutviklingspotensiale og ei opning for utvida samarbeid. Dette kan igjen bidra til større og meir kompetente FoU-miljø og til at handelshindringar vert avvikla, slik at betre fellesløyser mellom Norge og EU kan utviklast. Eit viktig område både i næringsutviklingssamanheng men òg med tanke på teknologiutvikling og innovasjon er korleis Vestlandet kan bruke kunnskapen frå petroleumsnæringa inn i fornybar energiproduksjon. Nøkkeltal er heilt naudsynt for å få innsikt i kor og korleis næringar på Vestlandet kan utviklast, og ikkje minst for å kartleggje kva behov Noreg og Europa vil få i eit framtidsperspektiv. Ei slik analyse er ynskjeleg for både næringslivsaktørar og myndigheiter og bør verte prioritert.

Det er òg viktig å ha i tankane kva eit slik samarbeid kan utløyse av lokal/regional verdiskaping. Omsyn til busetnad og forhold til annan infrastruktur er særleg viktig frå eit Vestlandsperspektiv. Ein heilskapleg strategi er naudsynt og her kan Vestlandsrådet spele ei rolle i å integrere utfordringar regionen møter i ein slik energiomstillingsprosess og oppmode til tettare samarbeid på tvers av regionar og landegrensar, næringsliv og kunnskapsmiljø. Vestlandet er ein energiunion og vi er ein del av EU sin løysing på klimautfordringane, ressurs- og kompetansebehov.

## **4.3 Energieffektivisering**

Med EUs 2030-rammeverket for energi og klima er energieffektivisering allereie høgt på dagsorden i EU. Behov for tiltak i bygg, transport og smart byplanlegging vert særskilt trekt fram. Smarte løysingar kan bidra til innsparing i bygg, transport og industri. Møre og Romsdals arbeid med energinettverk i industrien er eit godt døme på tiltak for energieffektivisering. Gjennom energinettverket kan bedrifter få støtte på inntil halvparten av kostnadene til ENØK-analysar. Ved å delta i energinettverket vil bedrifter i tillegg få auka kompetanse om energieffektivisering og råd om korleis dei kan få økonomisk støtte til å gjennomføre tiltaka.

Energieffektivisering er eit område kor ein ser behov for auka samarbeid mellom offentleg sektor, akademia og industri. Samstundes er det store summar i EU-program for energisparande tiltak, som og aktørar på Vestlandet kan dra nytta av.

## **4.4 Avkarbonisering av økonomien**

Kraftproduksjon og forbruk i Europa er i sterk endring som følgje av styrka klimapolitikk og overgang til meir fornybar energi. Heile 79,1% av den nye kraftproduksjonen som vart bygd i EU i 2014 var fornybar. Dette er ei auke på 72% frå året før. Dette gjer signal om EU sin satsing på fornybar produksjon og det er eit ynskje om at andre land utanfor EU òg tek ansvar i omstillinga mot eit lavkarbonsamfunn. Noreg har i denne samanhengen forplikta seg til å auke sin fornybare kraftproduksjon. Dette vert i stor grad gjort gjennom den norsk-svenske el-sertifikatmarknaden som skal bidra til ny fornybar kraftproduksjon i dei to landa innan utgangen av 2020. Med mindre forbruket skulle auke tilsvarande, gjer dette auka overskot av kraft.

Potensialet for småskala vasskraftverk er særskilt stort på Vestlandet og det forventast mykje ny utbygging i regionen. For at eit North Sea grid skal kunne integrerast i Noregs energisystem må det takast omsyn til småskala kraftverk og korleis desse kan kopla seg på utan for store kostnadar. Det er også planar for vindkraft i desse fylka. Med dagens leidningsnett vil auka kraftproduksjon og fleire mellomlandsforbindingar gje eit transportbehov som overstig kapasiteten på



# Vestlandsrådet

leidningane vi har i dag. Nytt forbruk vil ytterlegare bidra til å auke behovet for nye leidningar med større kapasitet. Det er difor viktig at potensialet og realitetane rundt eit North Sea grid vert utgreia *før* ein eventuell oppgradering av leidningsnettet vårt. Slik kan vi sikre at våre utbyggingar er kompatibel med eit EU system som gjer oss moglegheit til å kopla oss på i framtida.

Vestlandet har hatt ei rekke klyngeprosjekt gjennom nasjonale program som Arena og National Centres of Expertise både innan petroleum og fornybar energi. Nyleg er også den maritime klynga på Møre kvalifisert som eit «Global Centre of Expertise». Ein kan sjå teknologioverføring og kunnskapsoverføring frå det maritime arbeidet til ei avkarbonisering av økonomien innan energi.

Ei avkarbonisering av økonomien krev ei satsing på nye løysingar i heile kunnskapskjeda. Forsking og innovasjon er avgjerande for konkurransekraft. Like viktig er etableringa av rett kompetanse som næringslivet treng, også på lang sikt. Ei omlegging av energisystemet vil krevje ny kompetanse, både på universitets- og høgskulenivå men òg under den vidaregåande opplæringa. Eit godt døme er arbeidet i Dalane i Rogaland, kor ein har satt i gang ei utdanning for vindkraftoperatørar på vidaregåande skule for å møte framtidens behov i vindparkane som byggjast sør i Rogaland.

## **4.5 Forsking, innovasjon og konkurransekraft**

Vestlandsrådet har vedteke å arbeide for utvikling av Interreg og Horizon 2020 prosjekt, mellom anna innan klimarelaterte tiltak og fornybar energi. Ei realisering av eit «meshed grid», energieffektive løysingar eller auka produksjon av fornybar energi krev forskning og innovative løysingar. Det er viktig at verkemiddelapperata (særleg IN og NFR) tar leiarskap i utviklinga av kompetansebedrifter og kunnskap på fornybar energi og kraftoverføring som følgje av denne EU politikken. Det vil mellom anna seie utløyning av større SFI- og NCEar. Deltaking i internasjonale prosjekt gjev Vestlandsregionen midlar til å realisere viktige målsettingar, samt kompetansebygging.

# Vestlandsrådet

Regionalt forskingsfond Vestlandet har sidan opprettinga i 2010 arbeida målretta for å utvikle forskning innan energi. Innafor tematikken «energi» har fondet invitert til søknadar som skal stimulere til ny kunnskap og utvikling innan:

- Optimalisering innan olje- og gassektoren
- Energieffektivisering, miljøteknologi og ny fornybar energi
- Subsea
- Offshore vind

Regionalt forskingsfond Vestlandet har tildelt i overkant av 24 millionar kroner til nyskapande og innovative prosjekter innafor tematikken «energi» sidan 2010. Prosjekt som er støtta av regionalt forskingsfond Vestlandet er godt rusta for deltaking i nasjonale og internasjonale FoU-program.

Fylka på Vestlandet posisjonerer seg for Interreg og Horizon 2020. Intensivt samarbeid mellom fylka kan føre til auka kunnskapsdeling og informasjonsflyt, noko som vil tene heile Vestlandet.

## **Forslag til vedtak:**

1. Vestlandsrådet tar framlegget om EUs Energiunion til orientering.
2. EUs energipolitikk er viktig for Vestlandet. Det finst per i dag ikkje ei tilfredsstillande kartlegging av kva rolle Vestlandet spelar i den norske og europeiske energimarknaden. Vestlandsrådet bør initiere ei kartlegging etter modell frå arbeidet med maritime næringar. Ei slik kartlegging bør supplerast med ein analyse av kva moglegheiter som finst for næringslivet på Vestlandet innanfor energiområdet, og viktige næringslivsaktørar bør inkluderast i arbeidet;
3. Vestlandsrådet ved AU, set ned ei politisk «ad hoc-gruppe» som styringsgruppe for kartlegginga.
4. AU godkjenner mandatet for kartlegginga og eventuell bevilgning til konsulenttenester. Det kan bevilges maksimum kr 300 000.

# Vestlandsrådet

Trond Nerdal  
Fylkesrådmann

Odd Erik Hansgaard  
Sekretariatsleder

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*